

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 2/84

*Ark.nr. 062.382*

### LISENS FOR FISKE I EF-SONA 1984.

Lisensordninga for EF-sona er den same for 1984 som i tidlegare år. Det inneber at alle norske farty som

- fiskar ved Vest- og Aust-Grønland
- eller
- fiskar i EF-sona i Nordsjøen og vest for dei britiske øyane og som er større enn 200 brutto tonn

må ha lisens frå EF-kommisjonen.

Det er gjeldande ei overgangsordning slik at alle farty som hadde gyldig lisens for fiske i EF-sona ved utgangen av 1983 kan halde fram med fisket i EF-sona i januar og februar 1984 dersom dei har lisensdokument for 1983 om bord.

Det vil bli søkt om ny lisens for 1984 for alle farty som hadde lisens i 1983. For farty der det er endringar i namn, nr., eigedomstilhøve, tekniske data eller fiskeriet som blir dreve må det sendast inn ny lisens-søknad.

Ved søknad om ny lisens eller endringar av tidlegare utskreven lisens ber vi om at det vedlagde (./.) skjema blir innsendt til Fiskeridirektoratet.

### REGISTRERING AV FARTY SOM ER 200 BRT ELLER MINDRE:

Fiske i Nordsjøen og vest for dei britiske øyane med farty som er 200 BRT eller mindre er altså ikkje lisenspliktig. Det er likevel semje mellom EF og Noreg om å utveksle lister over slike mindre farty, og desse fartya skal difor også fylle ut det vedlagde skjemaet og sende det til Fiskeridirektoratet.

Dei som tidlegare har sendt inn registreringsskjema treng ikkje sende inn slikt skjema på nytt dersom det ikkje ligg føre endringar. Fiskerisjefane i vedkommande fylke har opplysningar om kva farty som står på listene som er sende til EF.

-----

For 1984 er det ein norsk kvote på 600 tonn reker i EF-sona i Nordsjøen. Dato for åpning av dette fisket vil bli fastsett seinare, jfr. "Melding fra Fiskeridirektøren J. 1/83". Dei som vil delta i dette fisket etter reker i EF-sona i Nordsjøen må sende inn ny lisens-søknad eller nytt registreringsskjema.

-----

Sjå "Melding fra Fiskeridirektøren" J. 1/84 for fullstendige opplysningar om kvoter i EF-sona.